



Solfrid Eidsvik Austring frå Uskedalen er guiden vår på Stadlandet og på klosterøya Selja.

Uskedalen.no legg ferieturen til Kristiansund med innlagde stopp i Førde, Selje/Stadlandet og Molde. På Selje møter vi Solfrid og Odd Austring i ein vakker bustad i strandkanten, berre ein kilometer frå plassen der den planlagde Stadtunnelen skal gå 1,7 km gjennom fjellet til Kjødepollen. Solfrid, fødd Eidsvik, kjem frå Steinsletto i Uskedalen, næraste naboen til Eidsvik skipsbyggeri, no Selstad og Eidsvik Eigedom. Saman med mannen brukar ho to dagar på å syna oss rundt på Stadlandet og på klosterøya Selja.

Vestkapp er det vestlegaste fjellplatået i Noreg, 500 m.o.h. Her har du panoramutsikt over det berykta Stadhavet. På toppen er det restaurant med mykje god mat. Hoddevik og Ervik er surfeplassane. Her kjem det surfarar frå heile verda, bur i telt og hytter og opplever naturen og havet tett på.

Ervik er også kjend for den særprega kyrkjegarden, Ervik kyrkje som er eit minnekapell etter ST. SVITHUN ulukka i 1943 då engelske jagarfly seinka hurtigruteskipet. 50 menneske drukna. 78 vart redda av lokale heltar som rodde ut og fekk overlevande i land. Skipsklokka er montert i klokketårnet.



I minnekapellet i Ervik finn vi modell og minnetavle av hurtigruteskipet ST. SVITHUN som vart senka av engelske jagarfly på Stad i 1943. På øya Selja kan du læra meir om den irske kongsdottera som ut frå legenda var på flukt og kom til øya. Her vart ho gravlagd i ei steinrøys. Ho vart seinare funnen med kroppen heilt intakt og vart med det ein vernehelgen. Selja kloster med sine ruinar er i dag eit av dei best bevarte anlegga i landet.



På øya Selja kan du fordjupa deg i historia om Sankta Sunniva, ei irsk kongsdotter som vart helgen.

Solfrid og Odd Austring er no pensjonistar og bur på Selje. Solfrid er utdanna sjukepleiar og har hatt arbeidet sitt både i heimesjukepleie og på akuttmottaket på Førde sjukehus. Ei tid budde dei i Florø då Odd jobba i fiskerinæringa. Han er fiskar, har sjark og fiskar enno på såkalla fri kvote på heile kysten. I eigen seglbåt legg dei turen innom Uskedalen seinare i sommar.

Har du ferieminne med relasjonar til Uskedalen, send til uskedalen.no@gmail.com

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Odd Austrang er fiskar og har mellom anna jobba med kjøp og sal av fisk.